



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Åsne Hagen, 55 57 22 28

Vår dato
24.02.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2017/2732 731.2
Dykkar referanse

Meland kommune

Varsel om pålegg om å opprette ekstra turnusstilling for lege frå 01.09.2017

Fylkesmannen viser til førespurnad 14. desember og 13. januar om høve til samarbeid om ekstra turnusstilling frå 1. september 2017. Som de kjenner til, manglar Haraldsplass diakonale sykehus (HDS) ei turnusstilling i kommune frå 1. mars 2017 til turnuslege som etter tilsettingsvilkåra har krav på turnus i ein av samarbeidskommunane til HDS.

Fylkesmannen skal sikre at det er nok turnusstillingar i kommunehelsetenesta. Vi ber derfor Meland kommune opprette ei ny stilling i tillegg til den kommunen vanlegvis stiller til disposisjon gjennom samarbeidsavtalen med HDS. Dersom kommunen ikkje gjer dette, vil vi tilrå Helsedirektoratet å pålegge at dette blir gjort.

Dersom kommunen eventuelt meiner å ikkje ha faglege føresetnadar for å ta imot ein ekstra turnuslege frå 1. september, ber vi om at dette blir konkretisert. Økonomi blir ikkje godtatt som argument mot å opprette ekstra turnusstilling.

Vi ber om svar så snart som råd.

Med helsing

Sjur Lehmann
assisterande fylkeslege

Åsne Hagen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.